

Tar opp kunstgrasbane på første styremøte

07.03.2011



Bjarne Lilleaas tar opp kunstgrasbanesaka. (Foto: Kristian Hus)

**Den nyvalde leieren i idrettslaget Bjarne Lilleaas lovar å ta opp spørsmålet om kunstgrasbane på grusbana i første styremøte.
Han har kommentert innlegget til Marius Mathisen om saka og her er svaret hans:**

Eg har gjort meg nokre tankar om Marius Mathisen sitt forslag om kunstgrasbane i Uskedal sentrum. Eglas med interesse innlegget hans om å gjera grusbanen om til kunstgrasbane.

Dei fleste vil nok nikka samstemte om alle føremonene med dette, og reint generelt kan det vera fruktbart å få meininger frå folk som ikkje trør rundt i bygda til dagleg.

Eg kjenner ikkje til kor mykje dette har vore diskutert tidlegare, men at det har vore lufta er ganske klart. Når ein til denne tid ikkje har gått vidare med tanken, trur eg det må vera utifrå eit kostnadsperspektiv.

Dei fleste har bygging og drift av Aktivitetshuset friskt i minne. Vi les om bygging av kunstgrasbanar andre stader, med pengekrangsel opp og in mente. Mange har sikkert også fått med seg at det er relativt kort holdbarheit på sjølve kunstgraset.

Temaet økonomi reiser andre og kanskje meir prinsipielle spørsmål:

Er det rett at at ei bygd og eit lite idrettslag skal drifte ein fotball- og friidrettsbane som kjem heile kommunen til gode? Er det rett at ei bygd skal驱va med all slags tombolaverksem for å stille gymnastikksal til disposisjon for ein offentleg skule? Kor mykje dugnadsinnsats kan ein forvente i framtida?

Som nyvald leiar i idrettslaget kan eg love at emnet kunstgrasbane skal takast opp på første styremøte.

Grusbanen må uansett vedlikehaldast inntil vidare og parkering på området innsnevraast til å gjelde større arrangement ved Aktivitetshuset.

Eg oppmodar andre uskedelingar til å sei si mening om temaet.

Med helsing Bjarne Lilleaas